8. Vestland fylkeskommune føreset at prosjektet har ansvar for finansiering, planlegging og gjennomføring av oppgradering av gang- og sykkeltilbodet langs E16/E39, også når det vert planlagt langs eksisterande og/eller framtidig lokalvegnett. Traseane burde vore vist i plankartet og i naudsynt grad vore sikra gjennom føresegner i kommunedelplanen.

10. Fylkeskommunen krev at alle kulturminne som er automatisk freda, jf. § 4 i kulturminnelova, vert vist med omsynssone H730, i plankartet med tilhøyrande føresegner. Vi ber om at alle nyare tids kulturminne med høg regional og nasjonal verdi, vert vist på plankartet med omsynssone H570, med tilhøyrande føresegner.»

(C) Alternativ - nytt punkt 9

9. Vestland fylkeskommune forventer at framkomst for kollektivtrafikk skal prioriterast, og ber om at dette også gjeld i kryssområda ved av- og påkjøring. Det vil også vere behov for å sette av tilstrekkeleg areal til bytepunkt for buss ved Klauvaneset. Ringveg aust, Svegatjørn-Rådal og ny Sotrabru utgjer samla sett store samferdselsprosjekt, som betrar trafikkforholda i Bergensregionen. Desse tre må oppfylla måla i byvekstavtalen, og fylkesutvalet understrekar sterkt behovet for prioritering av kollektivtrafikken i reguleringsplan/skiltvedtekter/kollektivfelt i trafikksistema.

**Silja Ekeland Bjørkly (H)** sette fram slikt forslag:

«Alternativ - fylkesdirektøren si innstilling punkt 9

9. Vestland fylkeskommune er positiv til at framkomst for kollektivtrafikk skal prioriterast, og ber om at dette også gjeld i kryssområda ved av- og påkjøring. Det vil også vere behov for å sette av tilstrekkeleg areal til bytepunkt for buss ved Klauvaneset. «

### Avrøysting

Framnes sitt forslag fekk 5 røyster (FRP, H) og fall.

Brosvik sitt forslag (B) punkt 1-2, 4, 6, 8 og 10 vart vedteke mot 2 røyster (FRP).

Brosvik sitt forslag (A) vart vedteke mot 3 røyster (FRP, UA).

Brosvik sitt forslag (B) punkt 5 vart vedteke mot 6 røyster (FRP, H, UA).

Brosvik sitt forslag (B) punkt 7 vart vedteke mot 3 røyster (FRP, UA).

Brosvik sitt forslag (C) vart vedteke mot 6 røyster (FRP, H, UA).

Ekeland Bjørkly sitt forslag fekk 3 røyster (H) og fall.

### Vedtak

1. Vestland fylkeskommune er nøgd med at kommunedelplanen for E16/E39 no er kome på høyring, men ber om at kombinasjonsalternativet S3-N1 vert lagt til grunn for vidare planlegging. Dette er samla sett det beste alternativet.

2. Fylkeskommunen rår i frå alternativa S1a-N2a og S5-N2a då dei har størst negativ konsekvens for kulturminne og kulturmiljø. S1a-N2a har også størst negativ konsekvens for landskap, friluftsliv og naturmangfold.

3. Vestland fylkeskommune viser til tidlegare vedtak om å prioritere delstrekninga E39 Klauvaneset - Vågsbotn føre delstrekninga E16 Arna - Vågsbotn. Det hastar å utbetre delstrekninga E39 Klauvaneset - Vågsbotn, og arbeidet med reguleringsplanarbeidet må starte opp så snart som råd. Vestland fylkeskommune er opptatt av å sikre optimal framdrift på parsellen Vågsbotn-Klavuneset, og ber derfor om at det vert gjennomført to separate reguleringsplanar for Ringveg Øst. Fylkeskommunen peiker på at ringveg aust må etablerast, og at det må startast opp kommunedelplan for delstrekninga Hop/Fjøsanger-Arna. Denne delstrekninga må prioriterast før E16 Arna-Vågsbotn.

4. Vestland fylkeskommune oppfordrar til at arbeidet med framtidig klassifisering av både eksisterande og nye vegstrekningar vert handtert i samband med reguleringsplanarbeidet til E16/E39 Arna-Vågsbotn-Klavuneset. Vidare føreset fylkeskommunen at all omklassifisering formelt vert handtert etter lovverket i veglova. I samband med arbeidet knytt til framtidig

klassifisering av vegnettet må det bli definert kva av dei ulike strekningane som vil ha lokal, regional og nasjonal funksjon.

5. Vestland fylkeskommune ber om at ein i arbeidet med reguleringsplan utarbeider eit klimarekneskap som grunnlag for målretta tiltak for å redusere klimafotavtrykket til prosjektet, både i anleggs- og driftsfasen.

6. Vestland fylkeskommune ber Statens Vegvesen om å arbeide aktivt for å finne samfunnsmessig bruk av overskotsmassane frå prosjektet.

7. Vestland fylkeskommune meiner at omsynet til arealbeslag, kostnader og moglegheit for kollektivfelt, tilseier at det vil vere tilstrekkeleg å legge 90 km/t som dimensjonerande fartsgrense.

8. Vestland fylkeskommune føreset at prosjektet har ansvar for finansiering, planlegging og gjennomføring av oppgradering av gang- og sykkeltilbodet langs E16/E39, også når det vert planlagt langs eksisterande og/eller framtidig lokalvegnett. Traseane burde vore vist i plankartet og i naudsynt grad vore sikra gjennom føresegner i kommunedelplanen.

9. Vestland fylkeskommune forventer at framkomst for kollektivtrafikk skal prioriterast, og ber om at dette også gjeld i kryssområda ved av- og påkøyring. Det vil òg vere behov for å sette av tilstrekkeleg areal til bytepunkt for buss ved Klauvaneset. Ringveg aust, Svegatjørn-Rådal og ny Sotrabru utgjer samla sett store samferdselsprosjekt, som betrar trafikkforholda i Bergensregionen. Desse tre må oppfylla måla i byvektstavtalen, og fylkesutvalet understrekar sterkt behovet for prioritering av kollektivtrafikken i reguleringsplan/skiltvedtekter/kollektivfelt i trafikksistema.

10. Fylkeskommunen krev at alle kulturminne som er automatisk freda, jf. § 4 i kulturminnelova, vert vist med omsynssone H730, i plankartet med tilhøyrande føresegner. Vi ber om at alle nyare tids kulturminne med høg regional og nasjonal verdi, vert vist på plankartet med omsynssone H570, med tilhøyrande føresegner.

## **PS 220/21 Handlingsprogram folkehelse 2022-2025 - framlegg offentleg høyring**

Forslag til vedtak

1. Fylkesutvalet godkjenner at Handlingsprogram for folkehelse 2022 - 2025 vert lagt ut på høyring og offentleg ettersyn i perioden 12.11.21- 14.01.22.

### **Saksprotokoll i fylkesutvalet - 09.11.2021**

#### **Avrøysting**

Fylkesdirektøren sitt forslag vart samrøystes vedteke.

#### **Vedtak**

1. Fylkesutvalet godkjenner at Handlingsprogram for folkehelse 2022 - 2025 vert lagt ut på høyring og offentleg ettersyn i perioden 12.11.21- 14.01.22.

## **PS 221/21 Fellesmagasin for musea - utgreiing av alternativ for organisering og eigarskap**

Forslag til innstilling

1. Fylkestinget ser det som tenleg at musea sjølv tek ansvar for bygging og drift av nytt fellesmagasin for musea i Hordaland.
2. Fylkeskommunen v/eigedomsavdelinga vil kunne bidra med bestillerkompetanse i prosjektgjennomføringa.
3. Delfinansiering av investeringskostnadane til fellesmagasinet vert vurdert i samband med økonomiplan og budsjett for 2022. Finansiering føreset ein tredeling av kostnadene mellom stat, fylkeskommune og kommunar.

### **Saksprotokoll i hovudutval for kultur, idrett og integrering - 26.10.2021**

**Kjell Håland, A**, sette fram slikt alternativt forslag på vegner av A, V, og SV:

«Alternativt helhetlig forslag

1. Fylkestinget ser det som mest tenleg at fylkeskommunen tek ansvar for bygging, og står som eigar av fellesmagasinet. Bygningsdrift og generelt vedlikehald blir kjøpt av ekstern profesjonell bygningsdriftar av musea i Hordaland, eller gjerast på anna måte av musea i Hordaland/Museumssenteret i Hordaland gjennom driftsavtale.
2. Delfinansiering av investeringskostnadane til fellesmagasinet vert vurdert i samband med økonomiplan og budsjett for 2022. Finansiering føreset ein tredeling av kostnadene mellom stat, fylkeskommune og kommunar.
3. Fylkestinget ber fylkесdirektør arbeide med å sjå på løysingar som reduserer totalpris på prosjektet, mellom anna ved å vurdere samarbeid med magasinet i Angedalen og/eller magasinet til KODE.»

**Terje Kollbotn, R**, sette fram slikt alternativt forslag:

«Fellesmagasin i fylkeskommunal regi

1. Fylkestinget ser det som mest tenleg at fylkeskommunen tar eigar- og utbyggingsansvar for nytt fellesmagasin for musea. Dette skal skje i tett samarbeid med musea og i samhandling mellom musea. 2. Bygningsdrift og generelt vedlikehald i regi av fylkeskommunen eller i regi av musea i Hordaland / Museumssenteret i Hordaland blir nærmere avklara i prosjekteringsfasen.»

**Knut Inge Andersen, FNB**, sette fram slikt tilleggsforslag:

«Tilleggspunkt til innstillinga frå administrasjonen

4. Hovudutval for kultur, idrett og integrering nyttar ordninga Museumsloft i 2022 for å få fram musea sin tilrådde løysingsmodellar for etablering av fellesmagasin. Dei som vert tildelt midlar under ordninga pliktar å samarbeide om ein felles sluttrapport. 5. Vestland fylkeskommune vil innleiingsvis kunne ta ein koordinerande rolle under aktivitetar som ligg under pkt 4).»

**Bjarte Vatnøy, FrP**, sette fram slikt tilleggsforslag:

«122/21 Felles magasin

Tillegg til vedtak: For å sikre gode løsninger som sikrer kulturskatter innen rimelig tid, må man sjå på om det kan finnes eit eller fleire eksisterende bygg i markedet som kan brukes, og med mindre ombygginger/oppgraderinger kan nyttast. Dette kan spare prosjektet felles magasin for musea for tid, og kommuner og fylke for store summer økonomisk. Her må man vurdere følgande kriterier : 1. 33 % økonomi, 33 % tid og 33 % tilpasningsmuligheter. 2. Avklare med kommunene hvor stor økonomisk deltakervilje man har til totalsum.»

**Kjell Håland, A**, sette på vegner av A, V, MDG, SP, SV, R og PP fram slikt **nytt** alternative forslag:

«Nytt alternativt helhetlig forslag

1. Fylkestinget ser det som mest tenleg at fylkeskommunen tek ansvar for bygging, og står som eigar av fellesmagasinet. Bygningsdrift og generelt vedlikehald avgjøres etter tett dialog med musea om moglege løysingar. I heile prosjektperioden skal det vere tett samarbeid med musea, og samhandling mellom musea.
2. Delfinansiering av investeringskostnadane til fellesmagasinet vert vurdert i samband med økonomiplan og budsjett for 2022. Finansiering føreset ein tredeling av kostnadene mellom stat, fylkeskommune og kommunar.
3. Fylkestinget ber fylkесdirektør arbeide med å sjå på løysingar som reduserer totalpris på prosjektet, mellom anna ved å vurdere samarbeid med magasinet i Angedalen og/eller magasinet til KODE. Bruk av anna eksisterande bygningsmasse må og vurderast.»

**Kjell Håland, A**, sette fram slikt forslag:

«Alternativt helhetlig forslag

1. Fylkestinget ser det som mest tenleg at fylkeskommunen tek ansvar for bygging, og står som eigar av fellesmagasinet. Bygningsdrift og generelt vedlikehald blir kjøpt av ekstern profesjonell bygningsdriftar av musea i Hordaland, eller gjerast på anna måte av musea i Hordaland/Museumssenteret i Hordaland gjennom driftsavtale.

2. Delfinansiering av investeringskostnadane til fellesmagasinet vert vurdert i samband med økonomiplan og budsjett for 2022. Finansiering føreset ein tredeling av kostnadene mellom stat, fylkeskommune og kommunar.

3. Fylkestinget ber fylkesdirektør arbeide med å sjå på løysingar som reduserer totalpris på prosjektet, mellom anna ved å vurdere samarbeid med magasinet i Angedalen og/eller magasinet til KODE.

Vert trekt.»

**Terje Kollbotn, R,** sette fram slikt forslag:

«Fellesmagasin i fylkeskommunal regi

1. Fylkestinget ser det som mest tenleg at fylkeskommunen tar eigar- og utbyggingsansvar for nytt fellesmagasin for musea. Dette skal skje i tett samarbeid med musea og i samhandling mellom musea. 2. Bygningsdrift og generelt vedlikehald i regi av fylkeskommunen eller i regi av musea i Hordaland / Museumssenteret i Hordaland blir nærmare avklara i prosjekteringsfasen.

Vert trekt.»

#### **Avrøysting**

Fylkesdirektøren sitt forslag fekk 5 røyster (H, FrP, FNB og UA) og fall.

Andersen sitt tilleggsforslag fekk 3 røyster (FNB, FrP og UA) og fall.

Vatnøy sitt tilleggsforslag fekk 3 røyster (FrP, FNB og UA) og fall.

Håland sitt «nytt alternativt helhetlig forslag» fekk 9 røyster (A, V, R, SP, SV, MDG og PP) og vart vedteke som innstilling til fylkesutvalet.

#### **Innstilling til fylkesutvalet**

1. Fylkestinget ser det som mest tenleg at fylkeskommunen tek ansvar for bygging, og står som eigar av fellesmagasinet. Bygningsdrift og generelt vedlikehald avgjøres etter tett dialog med musea om moglege løysingar. I heile prosjektperioden skal det vere tett samarbeid med musea, og samhandling mellom musea.

2. Delfinansiering av investeringskostnadane til fellesmagasinet vert vurdert i samband med økonomiplan og budsjett for 2022. Finansiering føreset ein tredeling av kostnadene mellom stat, fylkeskommune og kommunar.

3. Fylkestinget ber fylkesdirektør arbeide med å sjå på løysingar som reduserer totalpris på prosjektet, mellom anna ved å vurdere samarbeid med magasinet i Angedalen og/eller magasinet til KODE. Bruk av anna eksisterande bygningsmasse må og vurderast.

#### **Saksprotokoll i fylkesutvalet - 09.11.2021**

**Nina Bognøy (A)** stilte spørsmål om ho var inhabil fordi ho er styreleiar i stiftinga Lyngheisenteret. Bognøy gjekk frå under vurderinga om ho var inhabil. Fylkesutvalet vedtok samråystes at Bognøy ikkje var inhabil. Bognøy tiltredde saksbehandlinga.

**Kine Bratli Dale (A)** sette på vegner av A, MDG, SP, SV, V, KRF fram slikt forslag:

«Alternativ

1. Fylkestinget ønskjer at det skal byggjast eit nytt fellesmagasin i Vestland som løyser fleire av behova til særleg musea i gamle Hordaland. Fylkestinget er oppteken av at kostnadane til prosjektet er basert på nøkterne krav til innhald og utforming, samtidig som dei viktigaste magasinbehova vert ivaretakten. Det er ikkje eit behov for eit signalbygg eller eit pilotprosjekt, men eit bygg som har dei sentrale funksjonane til eit godt museumsmagasin.

2. Fylkestinget ber fylkesdirektør utgreie moglege løysingar for å redusere estimert totalpris på prosjektet. Alternativa bør mellom anna vere redusert størrelse på prosjektet, bruk av eksisterande industribygg og samarbeid med andre magasin i Vestland som til dømes magasinet i Angedalen og/eller magasinet til KODE. I utgreiinga må estimerte kostnadar til alternativa kome til syne. Utgreiinga må gjerast i samarbeid med musea.

3. Fylkestinget tek endeleg avgjerd på eigarskap og byggansvar når utgreiinga er ferdigstilt og behandla politisk.»

**Sigbjørn Framnes (FRP)** sette fram slikt forslag:

## «Tillegg

For å sikre gode løysingar som sikrar kulturskattar innan rimeleg tid, må ein sjå på om ein kan finne eit eller fleire eksisterande bygg i marknaden som kan brukast, og med mindre ombyggingar/oppgraderingar kan nyttast. Dette kan spare prosjektet felles magasin for musea for tid, og kommunar og fylke for store summer økonomisk. Her må ein vurdere følgjande kriterar:

1. 33 % økonomi, 33 % tid og 33 % tilpassingsmogleheter
2. Avklare med kommunane kor stor økonomisk deltararvile ein har til totalsum.

**Silja Ekeland Bjørkly (H)** sette på vegner av H, FRP fram slikt forslag:

«Alternativ - fylkesdirektøren sitt forslag til innstilling

1. Fylkestinget ser det som tenleg at musea sjølv tek ansvar for bygging og drift av nytt fellesmagasin for musea i Hordaland.
2. Fylkeskommunen v/eigedomsavdelinga vil kunne bidra med bestillerkompetanse i prosjektgjennomføringa.
3. Delfinansiering av investeringskostnadane til fellesmagasinet vert vurdert i samband med økonomiplan og budsjett for 2022. Finansiering føreset ein tredeling av kostnadene mellom stat, fylkeskommune og kommunar.»

## Avrøysting

Ekeland Bjørkly sitt forslag fekk 6 røyster (H, FRP, UA) og fall.

Bratli Dale sitt forslag vart vedteke mot 7 røyster (FNB, FRP, H, UA).

Innstillinga fekk 2 røyster (FNB, UA) og fall.

Framnes sitt forslag fekk 3 røyster (FRP, UA) og fall.

## Innstilling til fylkestinget

1. Fylkestinget ønskjer at det skal byggjast eit nytt fellesmagasin i Vestland som løyser fleire av behova til særleg musea i gamle Hordaland. Fylkestinget er oppteken av at kostnadane til prosjektet er basert på nøkterne krav til innhald og utforming, samtidig som dei viktigaste magasinbehova vert ivaretakne. Det er ikkje eit behov for eit signalbygg eller eit pilotprosjekt, men eit bygg som har dei sentrale funksjonane til eit godt museumsmagasin.
2. Fylkestinget ber fylkesdirektør utgreie moglege løysingar for å redusere estimert totalpris på prosjektet. Alternativa bør mellom anna vere redusert størrelse på prosjektet, bruk av eksisterande industribygg og samarbeid med andre magasin i Vestland som til dømes magasinet i Angedalen og/eller magasinet til KODE. I utgreiinga må estimerte kostnadar til alternativa kome til syne. Utgreiinga må gjerast i samarbeid med musea.
3. Fylkestinget tek endeleg avgjerd på eigarskap og byggansvar når utgreiinga er ferdigstilt og behandla politisk.

## PS 222/21 Høyring av forslag om prøveordning for rullerande maksimalt tillatt biomasse (RMTB) for kommersielle matfiskløyve for laks og aure

Forslag til innstilling:

1. Vestland fylkeskommune står framlegget om prøveordning for rullerande maksimalt tillatt biomasse (RMTB) under føresetnad av at prøveordninga vert innretta slik at den ikkje fører til auka miljøbelastning eller redusert fiskevelferd.
2. Vestland fylkeskommune tilrår valet av makstak då denne ordninga legg opp til å redusere dei biologiske utfordringane.
3. Vestland fylkeskommune forventar at ordninga vert innretta slik at aktørar i heile landet kan delta uavhengig av farge på produksjonsområde og om verksemda har fellesbiomassetak mellom produksjonsområda.
4. Vestland fylkeskommune krev at tildelingsaker etter akvakulturlova vert handsama av fylkeskommunane.

## **Saksprotokoll i Hovudutval for næring - 26.10.2021**

**Sigrid Brattabø Handegard** stilte spørsmål kring eiga habilitet, då ho er tilsett i Bremnes Seashore. **Terje Søviknes** stilte spørsmål kring eiga habilitet, då han er rådgjevar for eit oppdrettsanlegg. Brattabø Handegard og Søviknes gjekk frå under vurderinga. Hovudutval for næring vedtok samrøystes at Brattabø Handegard og Terje Søviknes var habile. Brattabø Handegard og Søviknes tiltredde sakshandsaminga.

**Tor André Ljosland (KrF)** sette fram slikt forslag på vegner av Ap, MDG, Sp, SV, V og KrF:

«Alternativ punkt 1

Vestland fylkeskommune ønsker en avgrenset prøveordning med både skjematiske og rullerande maksimalt tillat biomasse (RMTB) under føresetnad av at prøveordninga vert innretta slik at den ikkje fører til auka miljøbelastning eller redusert fiskevelferd.»

**Mark Taylor (MDG)** sette fram slikt forslag på vegner av Ap, MDG, Sv og V:

«Alternativ punkt 3:

Vestland fylkeskommune forventar at ordninga vert innretta slik at aktørar som har felles biomassetak mellom produksjonsområdet kan delta viss dei seier frå seg denne moglegheita under prøveperioden.»

**Johannes Myklebust Bysheim (Ap)** sette fram slikt forslag på vegner av Ap og SV:

«Tilleggsforslag 1:

For å bidra til meir verdiskaping i Norge vil VLFK rá til at berre oppdrettarar med avtale om foredling i Norge få delta i forsøksordninga tilsvarende det volum som går til foredling i Norge.»

**Johannes Myklebust Bysheim (Ap)** sette fram slikt forslag på vegner av Ap og SV:

«Tilleggsforslag 2:

For å redusere det negative miljøavtrykket bør tillatingane i den nye miljøteknologiordninga verta prioritert til å delta i prøveordninga.»

### **Avrøysting**

Ljosland sitt forslag til punkt 1 vart vedteke mot 3 røyster (U, Frp) for innstillinga.

Innstillinga punkt 2 vart samrøystes vedteke.

Innstillinga punkt 3 vart vedteke mot 6 røyster (Ap, MDG, Sv, V) for Taylor sitt forslag til punkt 3.

Innstillinga punkt 4 vart samrøystes vedteke.

Bysheim sitt tilleggsforslag 1 vart vedteke mot 7 røyster (U, FrP, H, KrF).

Bysheim sitt tilleggsforslag 2 fekk 7 røyster (Ap, MDG, Sv, Sp) og fall.

### **Innstilling**

1. Vestland fylkeskommune ønsker en avgrenset prøveordning med både skjematiske og rullerande maksimalt tillat biomasse (RMTB) under føresetnad av at prøveordninga vert innretta slik at den ikkje fører til auka miljøbelastning eller redusert fiskevelferd.

2. Vestland fylkeskommune tilråva valet av makstak då denne ordninga legg opp til å redusere dei biologiske utfordringane.

3. Vestland fylkeskommune forventar at ordninga vert innretta slik at aktørar i heile landet kan delta uavhengig av farge på produksjonsområde og om verksemda har fellesbiomassetak mellom produksjonsområda.

4. Vestland fylkeskommune krev at tildelingsaker etter akvakulturlova vert handsama av fylkeskommunane.

5. For å bidra til meir verdiskaping i Norge vil VLFK rá til at berre oppdrettarar med avtale om foredling i Norge få delta i forsøksordninga tilsvarende det volum som går til foredling i Norge.

## **Saksprotokoll i fylkesutvalet - 09.11.2021**

### **Avrøysting**

Innstillinga punkt 1-4 vart samrøystes vedteke.  
Innstillinga punkt 5 vart vedteke mot 8 røyster (FNB, FRP, H, KRF, UA)

### Vedtak

1. Vestland fylkeskommune ønsker en avgrenset prøveordning med både skjematiske og rullerande maksimalt tillat biomasse (RMTB) under føresetnad av at prøveordninga vert innretta slik at den ikkje fører til auka miljøbelastning eller redusert fiskevelferd.
2. Vestland fylkeskommune tilrår valet av makstak då denne ordninga legg opp til å redusere dei biologiske utfordringane.
3. Vestland fylkeskommune forventar at ordninga vert innretta slik at aktørar i heile landet kan delta uavhengig av farge på produksjonsområde og om verksemda har fellesbiomassetak mellom produksjonsområda.
4. Vestland fylkeskommune krev at tildelingsaker etter akvakulturlova vert handsama av fylkeskommunane.
5. For å bidra til meir verdiskaping i Norge vil Vestland fylkeskommune rá til at berre oppdrettarar med avtale om foredling i Norge få delta i forsøksordninga tilsvarende det volum som går til foredling i Norge.

### PS 223/21 Vikarteneste reinhald

Forslag til innstilling

1. Fylkestinget vedtek å etablere ei vikarteneste innan reinhald for Stor-Bergen.
2. Fylkestinget vedtek å etablere ei prøveordning på 15 månader med fast vikar innan reinhald i Nordfjord og i Sunnhordland.
3. Fylkestinget vedtek at vikartenesta i Stor-Bergen og løysinga med fast vikar i Nordfjord og Sunnhordland skal løysast innan eksisterande økonomisk ramme for reinhald.

### Saksprotokoll i Administrasjonsutvalet - 21.10.2021

**Magne Hagesæter (LO)** sette fram slikt forslag til nytt punkt 4 og 5 i vedtaket:

«Tilleggsforslag, nytt punkt 4:  
Fylkestinget vedtek at dei to reinhaldsområda Nord og Sør så raskt som mogleg skal tilbakestilla slik at dei dekker områda dei var meint å dekke. Det inneberer at område Nord ikkje strekker seg lengre sør enn Voss.

Tilleggsforslag, nytt punkt 5:  
Fylkestinget vedtek at det skal greia ut kva som er dei moglege gevinstane ved å utvide reinhald i eigen regi til dei tannklinikkane som i dag nyttar anbod, både for området Stor-Bergen særskilt og for heile Vestland.»

**Marthe Hammer (SV)** sette fram slikt forslag:

«Tilføre «tilsett» på punkt 2: Fylkestinget vedtek å etablere ei prøveordning på 15 månader med fast tilsett vikar innan reinhald i Nordfjord og i Sunnhordland.»

### Avrøysting

Pkt. 1 i fylkesdirektøren si innstilling vart samrøystes vedteke  
Pkt. 2 i fylkesdirektøren si innstilling vart vedteke mot Magne Hagesæter (LO) si røyst  
Forslag frå Marthe Hammer (SV) om tillegg i pkt.2 vart samrøystes vedteke.  
Pkt. 3 i fylkesdirektøren si innstilling vart samrøystes vedteke.  
Forslag frå Magne Hagesæter (LO) om nytt pkt.4 fekk ei røyst (LO) og fall.

Forslag frå Magne Hagesæter (LO) om nytt pkt. 5 vart vedteke med røystene frå dei tillitsvalde og Marte Hammer (SV)

#### **Innstilling til fylkesutvalet**

1. Fylkestinget vedtek å etablere ei vikarteneste innan reinhald for Stor-Bergen.
2. Fylkestinget vedtek å etablere ei prøveordning på 15 månader med fast tilsett vikar innan reinhald i Nordfjord og i Sunnhordland.
3. Fylkestinget vedtek at vikartenesta i Stor-Bergen og løysinga med fast vikar i Nordfjord og Sunnhordland skal løysast innan eksisterande økonomisk ramme for reinhald.
4. Fylkestinget vedtek at det skal greiast ut kva som er dei moglege gevinstane ved å utvide reinhald i eigen regi til dei tannklinikkane som i dag nyttar anbod, både for området Stor-Bergen særskilt og for heile Vestland.

#### **Saksprotokoll i fylkesutvalet - 09.11.2021**

##### **Avrøysting**

Innstillinga punkt 1-3 vart samrøystes vedteke.

Innstillinga punkt 4 fekk 3 røyster (1SP (Jon Askeland), SV, V) og fall.

#### **Innstilling til fylkestinget**

1. Fylkestinget vedtek å etablere ei vikarteneste innan reinhald for Stor-Bergen.
2. Fylkestinget vedtek å etablere ei prøveordning på 15 månader med fast tilsett vikar innan reinhald i Nordfjord og i Sunnhordland.
3. Fylkestinget vedtek at vikartenesta i Stor-Bergen og løysinga med fast vikar i Nordfjord og Sunnhordland skal løysast innan eksisterande økonomisk ramme for reinhald.

#### **PS 224/21 Fråsegn til høyring av kommuneplanen sin samfunnsdel 2021 - 2030**

Forslag til vedtak

1. Berekraftsmåla til FN ligg til grunn for planframlegget. *Utviklingsplan for Vestland 2020-2024* bør også leggjast til grunn for det vidare planarbeidet, slik at kommunen og fylkeskommunen styrer i same retning for å oppnå berekraftsmåla.
2. Vestland fylkeskommune meiner det er positivt at det er utarbeidd overordna arealstrategi i planen. Det er viktig for å setje ei overordna retning på arealforvaltinga, og å binde saman samfunnsdelen med arealdelen.
3. Sunnfjord har mykje natur og flotte friluftsområde, og friluftslivet bør framhevast meir i samfunnsdelen av kommuneplan. Det bør også vere arealstrategiar som sikrar friluftsområde og viktige kulturmiljø for ålmenta.
4. Det er positivt at kommunen tek omsyn til klima i arealutnyttinga og har mål om å vere klima- og arealnøytrale i arealbruken. Å inkludere dette i arealstrategiane gjev eit godt utgangspunkt for å følgje det opp vidare i arealdelen. Vi vil tilrå å utarbeide arealregnskap for å sikre oversikt over areala i kommunen og kvaliteten på dei.
5. Prosjekta i Førdepakken skal bidra til ei god sentrumsutvikling i Førde ved å etablere vegar som gjev meir koncentrert arealbruk, og betre tilbod for gåande og syklande. Kommunen bør ha eit klart mål om fleire gåande og syklande når tiltaka i Førdepakken står ferdige. I tillegg bør kommunen seie noko om korleis kollektivsatsinga skal skje og korleis det skal leggast til rette for kollektivtransporten både i Førde sentrum og til senterområda utanfor.

#### **Saksprotokoll i fylkesutvalet - 09.11.2021**

## **Avrøysting**

Fylkesdirektøren sitt forslag punkt 1-4 vart samråystes vedteke.

Fylkesdirektøren sitt forslag punkt 5 vart vedteke mot 4 røyster (FNB, FRP, UA).

## **Vedtak**

1. Berekraftsmåla til FN ligg til grunn for planframlegget. *Utviklingsplan for Vestland 2020-2024* bør også leggjast til grunn for det vidare planarbeidet, slik at kommunen og fylkeskommunen styrer i same retning for å oppnå berekraftsmåla.

2. Vestland fylkeskommune meiner det er positivt at det er utarbeidd overordna arealstrategi i planen. Det er viktig for å setje ei overordna retning på arealforvaltninga, og å binde saman samfunnssdelen med arealdelen.

3. Sunnfjord har mykje natur og flotte friluftsområde, og friluftslivet bør framhevast meir i samfunnssdelen av kommuneplan. Det bør også vere arealstrategiar som sikrar friluftsområde og viktige kulturmiljø for ålmenta.

4. Det er positivt at kommunen tek omsyn til klima i arealutnyttinga og har mål om å vere klima- og arealnøytrale i arealbruken. Å inkludere dette i arealstrategiane gjev eit godt utgangspunkt for å følgje det opp vidare i arealdelen. Vi vil tilrå å utarbeide arealregnskap for å sikre oversikt over areala i kommunen og kvaliteten på dei.

5. Prosjekta i Førdepakken skal bidra til ei god sentrumsutvikling i Førde ved å etablere vegar som gjev meir konsentrert arealbruk, og betre tilbod for gåande og syklande. Kommunen bør ha eit klart mål om fleire gåande og syklande når tiltaka i Førdepakken står ferdige. I tillegg bør kommunen seie noko om korleis kollektivsatsinga skal skje og korleis det skal leggast til rette for kollektivtransporten både i Førde sentrum og til senterområda utanfor.

## **PS 225/21 Reglement for yting av flyttegodtgjersle**

Forslag til innstilling

Reglement for yting av flyttegodtgjersle vert vedtatt og gjort gjeldande frå 15. november 2021.

## **Saksprotokoll i administrasjonsutvalet - 21.10.2021**

### **Avrøysting**

Fylkesdirektøren si innstilling vart samråystes vedteke.

### **Innstilling til fylkesutvalet**

Reglement for yting av flyttegodtgjersle vert vedtatt og gjort gjeldande frå 15. november 2021.

## **Saksprotokoll i fylkesutvalet - 09.11.2021**

### **Avrøysting**

Innstillinga vart samråystes vedteke.

## **Vedtak**

Reglement for yting av flyttegodtgjersle vert vedtatt og gjort gjeldande frå 15. november 2021.

## **PS 226/21 Reglement for reiser i Vestland fylkeskommune, revidert**

Forslag til innstilling

Revidert reglement for reiser i Vestland fylkeskommune vert vedtatt og gjort gjeldande frå 15. november 2021.

## **Saksprotokoll i administrasjonsutvalet - 21.10.2021**

**Magne Hagesæter (LO) sette fram slikt endringsforslag:**

«Endringsforslag til side 3, under bokt «Innkjøpsavtalar for reise og opphold», 3. avsnitt, siste setning: «Fylkeskommunen bør nytte hotell med tariffavtale for dei tilsette.»»

#### **Avrøysting**

Fylkesdirektøren si innstilling vart samråystes vedteke.

Magne Hagesæter (LO) sitt forslag vart vedteke med 6 røyster (dei tillitsvalde og Marthe Hammer, SV)

#### **Innstilling til fylkesutvalet**

1. Revidert reglement for reiser i Vestland fylkeskommune vert vedtatt og gjort gjeldande frå 15. november 2021.
2. Endring side 3, under bokt «Innkjøpsavtalar for reise og opphold», 3. avsnitt, siste setning: «Fylkeskommunen bør nytte hotell med tariffavtale for dei tilsette.»»

#### **Saksprotokoll i fylkesutvalet - 09.11.2021**

#### **Avrøysting**

Innstillinga punkt 1 vart samråystes vedteke.

Innstillinga punkt 2 fekk 2 røyster (1SP (Hilde Horpen), SV) og fall.

#### **Vedtak**

Revidert reglement for reiser i Vestland fylkeskommune vert vedtatt og gjort gjeldande frå 15. november 2021.

#### **PS 227/21 Sal av Nygjerdet 8 (tidl. Kleppestø tannklinikk) til Askøy kommune**

Forslag til vedtak

1. Fylkesutvalet godkjenner vedlagte kjøpekontrakt om sal av eigedomen Nygjerdet 8 på Askøy for kr. 4.775.000 til Askøy kommune.
2. Salsummen på kr. 4.775.000 blir sett av til kapitalfondet.

#### **Saksprotokoll i fylkesutvalet - 09.11.2021**

#### **Avrøysting**

Fylkesdirektøren sitt forslag vart samråystes vedteke.

#### **Vedtak**

1. Fylkesutvalet godkjenner vedlagte kjøpekontrakt om sal av eigedomen Nygjerdet 8 på Askøy for kr. 4.775.000 til Askøy kommune.
2. Salsummen på kr. 4.775.000 blir sett av til kapitalfondet.

#### **PS 228/21 Sal av areal på Kronstad i Bergen**

Forslag til vedtak

1. Fylkesutvalet godkjenner vedlagte avtale om sal av areal på Kronstad i Bergen til kr. 550.000 og kjøp av vegareal mot Inndalsvegen og Bjørnsonsgate for kr. 200.000.

2. Mellomlegget på kr 350.000 blir sett av til kapitalfondet.

#### **Saksprotokoll i fylkesutvalet - 09.11.2021**

#### **Avrøysting**

Fylkesdirektøren sitt forslag vart samrøystes vedteke.

#### Vedtak

1. Fylkesutvalet godkjener vedlagte avtale om sal av areal på Kronstad i Bergen til kr. 550.000 og kjøp av vegareal mot Inndalsvegen og Bjørnsonsgate for kr. 200.000.

2. Mellomlegget på kr 350.000 blir sett av til kapitalfondet.

#### PS 229/21 Utpeiking av medlemer til nyetablert valkomité i Carte Blanche AS

Forslag til vedtak

Vestland fylkeskommune peikar ut følgjande kandidatar til vervet som medlem av valkomiteen i Carte Blanche AS:

Medlem:

Medlem:

Medlem:

#### Saksprotokoll i fylkesutvalet - 09.11.2021

**Svein Halleraker (H)** stilte spørsmål om han var inhabil fordi han er styremedlem i Carte Blanche AS. **Kine Bratli Dale (A)** og **Marthe Hammer (SV)** stilte spørsmål om dei var inhabil fordi dei er varamedlem i Carte Blanche AS. Halleraker, Bratli Dale og Hammer gjekk frå under vurderinga om dei var inhabil. Fylkesutvalet vedtok samrøystes at Halleraker var inhabil etter forvaltningslova § 6 første ledd bokstav e nr. 2. Fylkesutvalet vedtok så samrøystes at Bratli Dale og Hammer ikkje var inhabil. Halleraker gjekk frå under behandlinga av saken medan Bratli Dale og Hammer tiltredde til behandling av saka.

Det var 16 representantar tilstades.

**Natalia Golis (MDG)** sette fram slikt forslag:

«Medlem: Geir Kjell Andersland (V)  
Medlem: Pauline Tomren (MDG)»

**Silja Ekeland Bjørkly (H)** sette fram slikt forslag:

«Medlem: Trym Aafløy (UA)»

#### Avrøysting

Fylkesdirektøren sitt forslag med Golis og Ekeland Bjørkly sine forslag vart samrøystes vedteke.

#### Vedtak

Vestland fylkeskommune peikar ut følgjande kandidatar til vervet som medlem av valkomiteen i Carte Blanche AS:

Medlem: Geir Kjell Andersland (V)

Medlem: Pauline Tomren (MDG)

Medlem: Trym Aafløy (UA)

#### PS 230/21 Båtsambanda mellom Bergen, Nordfjord og Sogn/Flåm - Status

#### Saksprotokoll i fylkesutvalet - 09.11.2021

**Marthe Hammer (SV)** sette fram slikt forslag på vegner av alle parti i fylkesutvalet:

«Fylkesutvalet ber om at administrasjonen kjem attende til fylkesutvalet med ei sak knytt til piloten og hurtigbåtanbodet.»

#### Avrøysting

Hammer sitt forslag vart samrøystes vedteke.

### **Vedtak**

Fylkesutvalet ber om at administrasjonen kjem attende til fylkesutvalet med ei sak knytt til piloten og hurtigbåtanbodet.